



## Referat frå møte i Rådmannsforum

**Dato: Torsdag 07.06.2018**

**Tid: 09.10 – 14.00**

**Møtestad: Jondal kommunehus, Jondal**

**Rådmenn:** Geir Underhaug (Eidfjord), Trude Letnes (Granvin), Anita Hesthamar (Kvam), Magnus Steigedal (Ullensvang), Thore Hopperstad (Ulvik), Reidar Isdal (Jondal)

**Administrasjon:** Jostein Eitrheim, Hardangerrådet

**Invitert:** Trine Grønbech (rådmann Vaksdal)

**Forfall:** Ole-Jørgen Jondahl (Odda)

**Møteinnkallinga er gjort i Outlook.**

### Agenda:

09.00 – 10.00 Orientering:

Omorganisering NAV avd. Voss/Hardanger

v/ Bjørn Søvik, Tenesteområdeleiar NAV avd Voss/Hardanger

10.00 – 11.30 Sakshandsaming

11.30 – 12.30 Lunsj (Mogeleg orientering om nytt velkomstsenter ved FONNA Glacier Ski Resort)

12.30 – 14.00 Sakshandsaming

### Sakliste Rådmannsforum:

#### Orientering:

#### Omorganisering av NAV avd. Voss/Hardanger v/Tenesteområdeleiar Bjørn Søvik

Tenesteområda vil verta regionar i nye Vestland fylke. NAV signaliserer at det vil verta færre kontor. Samstundes kjem det signal om at NAV ønskjer tilgang til kontorfacilitetar periodisk. NAV vil prioritera å ha kompetanse tilstades på avd.kontora i den grad det er tenleg eller hensiktsmessig.

Værnesmodellen kan gje gode effektar også i Hardanger.

Søvik stadfester at organisasjonsmodell/avd.grenser/vertskommuneavtale ikkje er fastspikra enno. Det kan t.d. vera aktuelt å tilføra statlege NAV-oppgåver til eit kontor for å fylla opp ei stilling til 100%.

Mykje av jobben ved dei «mindre» kontora vert å henvisa brukarar til rett kompetanse.

Det er fortsatt uavklart korleis dei ulike kontora skal organiserast.

Arbeidsgruppe NAV/Rådmannsforum er positivt, men arbeidet må samanfalla med dei overordna målsetjingane i prosjektet.

NAV har så langt ingen dialog med kommunane ift. sine prioriteringar og interne prosessar.

Presentasjon frå Bjørn Søvik ligg vedlagt til møtereferatet.

**RF-sak 12/18 Meldingar**

Ingen meldingar.

**RF-sak 13/18 Omorganisering av NAV avd. Voss/Hardanger (Thore)**Orientering frå arbeidsgruppa v/Trude

Kommunane må stilla krav til NAV. Politikarane må på banen og ordførarane må i dialog med fylkesleiinga i NAV. Ein kan evt. bruka rådmannsutvalet i fylket og KS Hordaland til å oppnå denne dialogen. NAV Sogn og Fjordane skal over på organisering i tenestoområder på same måte som i Hordaland. Det er fylkesorganisasjonen i NAV som tek avgjerdene og kommunane manglar i dag ei organisering som kan koplast opp mot fylkesleiinga i NAV.

Orientering om møte med Anne Bogsnes v/Thore

I møtet 25.06. med NAV v/Anne Bogsnes må det stillast krav frå kommunane.

- Det må gjennomførast ein prosess med kommunane før kartet vert teikna.
- Kva beslutningar og planar ligg føre pr. d.d.?
- Fylkesleiinga i NAV si forståing og kunnskap for NAV kommunal er liten eller manglande. Den ligg hos tenestoområdeleiinga.
- Kva med dei kommunale oppgåvene i NAV?

**RF-sak 14/18 Pilotprosjekt legevakt (Thore)**

Ulvik ønskjer å vera med på utgreiing av pilotprosjektet.

7 mill x 3år er løyvd sentralt. Kommunane/herada Ullensvang, Jondal og Odda vil ha felles politisk sak i juni vedr. si deltaking i prosjektet. Saka vert politisk handsama i alle kommunane før sommarferien.

Pilotprosjektet vil involvera både Voss sjukehus og Odda sjukehus.

**RF-sak 15/18 Status for kommuneoverlegestilling i Hardangerkommunane (Anita)**

Kvam herad er i gang med å førebu rekruttering av ny kommuneoverlege. RF drøfta korleis denne funksjonen er kobla mot andre oppgåver/ansvar i kvar av Hardangerkommunane. Det er døme på at %-stilling som kommuneoverlege er kobla mot privat praksis, ansvar knytta til helsestasjon eller sjukeheim. Slike koplingar har alle negative sider.

Voss kommune lyser no ut 100% kommuneoverlegestilling. Denne skal følgja med over i Voss herad frå 2020.

RF meiner det må sjåast nærare på SM arbeidsmodellar mellom kommunane for å bemanna kommuneoverlegestillingar.

**RF-sak 16/18 Sekretærstilling i samarbeidsutvalet for Voss lokalsjukehus. (Anita)**

Kvam har fått førespurnad om å bemanna denne stillinga. RF drøfta kva økonomisk vederlag som ligg til grunn for denne ordninga.

**RF-sak 17/18 Fylkesmannen har varsla tilsyn på beredskap i Hardangerkommunane (Geir)**

RF drøfta kva beredskapsplanar som er godkjende i dei ulike

Hardangerkommunane. Digitale planar eller manuelle lokale planar?

Kva stilling i kommunen har funksjonen som beredskapskontakt? Dette varierer mellom kommunane.

Det vert teke initiativ mot Fylkesmannen (FM) med oppmoding om årlege øvingar (skrivebordsøvingar). RF lagar ein felles uttale til FM vedr. eit ønskje om eit betre samordning av system og rutinar knytta til beredskap. FM har også eit veiledningsansvar overfor kommunane. FM har sjølv vektlagt viktigheit av lokale øvingar.

**RF-sak 18/18 Kommuneproposisjonen: Kva betyr den for Hardanger? (Thore)**

Vil det fortsatt vera arbeid mot neste fase av kommunereforma, eller kan vi no venta ein reformpause?

Vil det koma sanksjonar mot små kommunar som ikkje tek eige initiativ mot samanslåing med nabokommunar ift. ny runde med frivillig samanslåing?

**RF-sak 19/18 Status for politisk sak om Hardangerrådet etter 2020. (Thore)**

Prosjektrådmenn for Ullensvang kommune og Voss herad vert invitert med i RF fram til 2020. Dette er med føresetnad om at Fase 2 i prosess for nytt regionråd får tilslutnad i alle Hardangerkommunane.

**RF-sak 20/18 Sal av aksjar i bompengeselskap (Anita)**

Alle kommunar har gjort vedtak om sal av sine aksjar.

**RF-sak 21/18 Orienterings- og drøftingssaker.**

Turistbåtruta på Hardangerfjorden.

Dagleg leiar orienterte om møte som skal vera 19. juni med administrativ og politisk leiing for samferdsel i Hordaland fylkeskommune.

Skulefagleg rådgjevar

Kan vere relevant å sjå på om funksjonen skulefagleg rådgjevar kan vere ei samarbeidsstilling mellom fleire kommunar, særleg knytt til stillinga som Ulvik, Eidfjord og Granvin har felles og som får ledig «kapasitet» når Granvin går ut av samarbeidet.

Referent  
Jostein Eitrheim  
Hardangerrådet